

02.08.2017

Utslått på golden goal.



Frå dagens kamp på Ekeberg.

I dag starta sluttspølet i Norway Cup, og G13-laget til Uskedal IL møtte Sotra SK på Ekeberg. Gutane har vist ei flott utvikling for kvar kamp i turneringa og vann ein sterk siger i går. Frå Endre myklebust har vi fått følgjande kampreferat frå dagens sluttspelkamp.

I dag møtte gutane Sotra SK på ein regnvåt Ekeberg bane. Dei opna nok ein gong litt nervøst, og blei liggande under 1-0. Litt om litt utligna Mathias N. Børve, og vi gjekk til pause med uavgjort 1-1.

I andre omgang går Sotra opp i 2-1 ledelse, før Torbjørn Haugland utliknar eit minutt før full tid. Dermed er det etter kvart klart for extraomganger og golden goal.

Der går det ikkje lang tid før gutane glipper i markeringa og vi taper 3-2 på golden goal.

Ekeberg-eventyret er over for denne gang, men gutane kan reisa heim med heva hovud med visshet om dei har gjort ein god jobb.

Tekst og foto: Endre Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland